

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 15/2008

av 1. februar 2008

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 169/2007 av 7. desember 2007⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2006/799/EF av 3. november 2006 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Vedtak 2006/799/EF opphevar kommisjonsvedtak 2001/688/EF⁽³⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til avtala skal nr. 2d (kommisjonsvedtak 2001/688/EF) lyde:

"**32006 D 0799**: Kommisjonsvedtak 2006/799/EF av 3. november 2006 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel (EUT L 325 av 24.11.2006, s. 28)."

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2006/799/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 124 av 8.5.2008, s. 37, og EØS-tillegget til TEU nr. 26 av 8.5.2008, s. 30.

⁽²⁾ TEU L 325 av 24.11.2006, s. 28.

⁽³⁾ TEF L 242 av 12.9.2001, s. 17.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. februar 2008, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfærdiget i Brussel, 1. februar 2008.

For EØS-komiteen

Alan Seatter

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.